Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 08.07.2026
Vår ref: 2018/2019
Dykkar dato:
Dykkar ref:

O KAVLI AS
Postboks 7360
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

Rapport etter tilsyn hos O Kavli AS, 11. juni 2026
Kontrollnummer: 2026.025.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 11. juni 2026 hos O Kavli AS (organisasjonsnummer: 974 224 380).

Rapporten har følgjande delar:
- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet
Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast
Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:
- Avvik 1: Verksemda sin internkontroll har fleire manglar

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

O Kavli AS må rette opp avvik snarast. Vi ber om at de sender Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan **1. november 2026**.

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2018/2019.

De må betale gebyr
O Kavli AS må betale eit gebyr på 43 100 kr for tilsynet.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda sin internkontroll har fleire manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd
    - punkt 1 om oversikt over lovkrav
    - punkt 6 om risiko
    - punkt 7 om rutinar
- produktkontrollova § 3 om aktsemd
- avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt
- forureiningsforskrifta kapittel 27
    - § 27-4 om meldeplikt for forbrenningsanlegg
    - § 27-14 fjerde ledd om krav til utsleppsmålingar mv.

Om krava

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 1 om oversikt over lovkrav

Internkontroll inneber at verksemda skal sørgje for at dei lovene og forskrifter i helse-, miljø- og tryggingslovgivinga som gjeld for verksemda er tilgjengelege, og ha oversikt over dei krava som er av særleg viktigheit for verksemda.

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risiko

Verksemda må kartleggje og vurdere risiko for forureining frå drifta. Forskrifta krev at verksemda har eit klart bilete av risikoen for å kunne setje i verk nødvendige tiltak for å oppnå eit akseptabelt risikonivå. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, haldast oppdatert og representere den faktiske drifta.

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar

Verksemda må ha rutinar for å oppdage, rette opp og førebyggje brot på lovkrav. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

Produktkontrollova § 3 om aktsemd

Den som produserer, innfører, omset, bruker eller på annan måte behandlar produkt som kan medføre miljøforstyrring, m.a. i form av forstyrring av økosystem, forureining, avfall, støy og liknande, skal vise aktsemd og setje i verk rimelege tiltak for å førebyggje og avgrense slik verknad.

Avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt

Verksemder der det oppstår farleg avfall skal levere dette til godkjent mottak. Dersom den totale mengda overstig 1 kg, skal avfallet leverast minst ein gong per år.

Forureiningsforskrifta § 27-4 om meldeplikt

Forbrenningsanlegg etablert før 20. desember 2021 skal sende melding til forureiningsstyresmakta med dei opplysningane som kjem fram av vedlegg 1 innan 1. oktober 2023 dersom forbrenningsanlegget har nominell tilført termisk effekt over 5 MW.

Forureiningsforskrifta § 27-14 fjerde ledd om krav til utsleppsmålingar mv.

Utsleppsmålingane skal registrerast, behandlast og presenterast slik at det kan kontrollerast at utsleppsgrenseverdiane blir overhaldne.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering
Ytre miljø er i liten grad inkludert i verksemda sitt internkontrollsystem. Arbeidet med internkontroll for ytre miljø syner ikkje å vere systematisk, og verksemda har sjølv identifisert at dette er ein mangel.

Følgande konkrete manglar vart avdekte:

Risikovurdering
Ytre miljø er ikkje inkludert i risikovurderinga ved verksemda.

Kjemikalielagring
Eit rom i underetasjen er brukt til kjemikalielager. Her er det lagra minst 39 dunkar, a 25 liter, vaskekjemi på trepallar på golv med sluk. Det er ikkje ytterlegare vern mot spill, sjå bilete 1.

I same rom stod det lagra fire 25 liters dunkar, to i høgda, like ved utslagsvask, i tillegg til anna mindre einingar med vaskekjemi, sjå bilete 2.

I fyrrom er det lagra fire dunkar kjemikaliar til kjelevatn direkte på golv med sluk utan vern mot eventuelt spill.

I vaskerom i produksjonsområde for smøreost er det lagra vaskekjemi på rist over oppsamlingstrau, men trauet er smalt og dekker ikkje området der det er fare for spill, sjå bilete 3.

Feittuskiljar
Verksemda har ein feittutskiljar, som er kopla til kommunalt nett. Under tilsynet kunne dei ikkje vise til skriftleg rutine for kontroll, tømming og vedlikehald av feittutskiljaren.

Resultat frå vekeblandeprøver frå feittutskiljaren vert samla i eit excel-ark, men verksemda har ikkje rutine for vurdering av resultata, heller ikkje ved overskridingar av krava i løyve etter forureiningslova.

Verksemda har rapportert om overskridingar i eigenkontrollrapporteringa for 2025, men desse overskridingane er ikkje avviksregistrert i verksemda sitt eige avvikssystem.

Forebrenningsanlegg
Verksemda har to fyrkjelar, på høvesvis 2.7 og 2.5 MW, der dei bruker naturgass til oppvarming. Dei har òg to mindre varmtvasskjelar der det òg vert nyttar naturgass. I samband med tilsynet har verksemda sendt inn dokumentasjon frå årskontroll av dampkjelane. Dokumentasjonen inneheld forbrenningsanalysar, men ikkje informasjon om resultata syner at utslepp frå dampkjelane er i samsvar med krava i forskrifta.

Verksemda har ikkje levert inn melding med informasjon om forbrenningsanlegga innan 1. oktober 2023.

Farleg avfall
Verksemda var ikkje kjend med den eittårige leveringsplikta for farleg avfall, og leverte ikkje farleg avfall mellom oktober 2024 og april 2026.

Bilete 1: Dunkar med kjemi på rom med sluk utan sikring mot spill

Bilete 2: Dunker med kjemi stabla to i høgda, ved utslagsvask

Bilete 3: Dunker på rist over smalt oppsamlingskar

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at O Kavli AS må betale eit gebyr på 43 100 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn som varer inntil ein dag og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 4. juni 2026 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Mari Katrine Berg-Arnesen
- Grete Hamre

Kontaktperson hos verksemda:

- Magne Toft, fabrikksjef

Anlegg

Anlegget til O Kavli AS på Nesttun, Bergen kommune, vart kontrollert under tilsynet.

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- handtering av avfall
- internkontroll
- kjemikaliehandtering

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova

Del 4: Annan informasjon

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Grete Hamre
senioringeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

O. Kavli AS v/ Magne Toft

Bergen kommune Postboks 7700 5020 BERGEN